



Notat

Dato: 23.06.2016
Arkivsak: 2016/2768-7
Saksbehandlar: ROABREI

Til: Fylkesrådmannen

Frå: Roald Breistein

Partsbrev - Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar

Vedlagt følgjer partsbrev for sak PS 66/16 «Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar» etter møte i kontrollutvalet 21.6.16.

Uttalen frå kontrollutvalet skal leggjast ved den vidare handsaminga av saka til fylkesutvalet.

Kopi til:
Nils Egil Vetlesand
ØKONOMI - OG
ORGANISASJONS
AVDELINGA

Arkivnr: 2016/2768-5
Saksbehandlar: Roald Breistein

Saksframlegg

Saksgang

Godkjenning av 3 prosjektrekneskapar

Bakgrunn for saka:

Kontrollutvalet skal i samsvar med gjeldande budsjett- og økonomiforskrifter, uttala seg om årsrekneskapane. Det er lagt til grunn at prosjektrekneskapar følgjer same prosedyre. I samband med dette gjorde fylkestinget slikt vedtak i sak 49/13 i møte 15.10.13:

«Fylkestinget vedtek at prosjektrekneskapar:

1. *På 10 millionar kroner eller høgare skal reviderast av ekstern revisor og handsamast i kontrollutvalet før dei går vidare til politisk handsaming.*
2. *Der avviket i høve opphavleg budsjett er meir enn 10 % skal same rutine følgjast.»*

Uttalen frå kontrollutvalet skal for desse prosjektrekneskapane leggjast ved sak frå fylkesrådmannen til fylkesutvalet, som gjer vedtak i saka. Sekretariatet har motteke uttale til prosjektrekneskap for 3 prosjekt. I revisjonsmeldingar dagsett 31.5.15, har Deloitte stadfesta at prosjektrekneskapane gjev eit rettvise bilete av prosjekta og at dei er i samsvar med god kommunal rekneskapsskikk.

Notat om avslutning av prosjekta, prosjektrekneskapar, revisjonsmeldingar og oversikt over prosjektrekneskapane ligg ved.

Drøfting:

Prosjekt 1074 Sørås tannklinikk fekk behov for to tilleggsløyvingar, 2,5 million kroner i 2012 og 2,2 million kroner i 2013. Det går fram av rekneskapsavslutninga at dette skuldast høvesvis «krav om omlegging av leidningar knytt til vatn og avlaup og omlegging av naboveg» og at «Ettertida har vist at samla kostnad knytt til dette vart på om lag 4 million kroner og ikkje 2,5 million kroner som kalkulert». Dette betyr at prosjektet er vorte 4,7 million kroner (54,9 %) dyrare enn den opphavlege løyvinga. Sekretariatet merkar seg at det er eit ganske stort avvik mellom opphavleg løyving og framlagt prosjektrekneskap.

For prosjekt 1078 Årstad tannklinikk registrerer sekretariatet at det totalt er løyvd 17 millionar kroner og at refusjonskrav frå Universitetet i Bergen på ca. 1,6 millionar kroner ikkje er rekna med som ein del av denne løyvinga. Slik vi ser det vil det difor vera mest naturleg å rekna dette som ei overskriding i høve løyvinga.

Rekneskapsavslutninga for prosjekt 2130 Austrheim vgs. viser at opphavleg løyving på kr. 700 000 til eit forprosjekt ikkje var nok. Tilleggsøyving på kr. 300 000 vart løyvd fordi arbeidet vart «... meir omfattande og kostnadskrevjande enn ein kalkulerte ved oppstart». Også i dette prosjektet merkar sekretariatet seg at det er eit ganske stort avvik mellom opphavleg løyving og framlagt prosjektrekneskap. Utover det som går fram over er handsaming og revisjon av prosjektrekneskapane utført i tråd med regelverket ved at dei vert revidert etter kvart, ved at dei vert send vidare til sekretariatet for handsaming i kontrollutvalet og at det er lagt ved notat med forklaring på avvik for prosjekta.

Konklusjon:

Sekretariatet tilrår at kontrollutvalet i sin uttale merkar at det for to av desse prosjekta viser seg at ein har store avvik i høve opphavleg løyving og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok. Dette har kontrollutvalet også kommentert ved fleire høve i samband med tidlegare prosjektrekneskapar. Kontrollutvalet bør tilrå at fylkesrådmannen vurderer om rutineane på dette området er gode og dekkande nok.

Sekretariatet tilrår elles at kontrollutvalet tar konklusjonane frå Deloitte til etterretning.

Forslag til uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har igjen merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutineane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok.

Saksprotokoll i kontrollutvalet - 21.06.2016

Handsaming i møte

Forslag til uttale vart samrøystes vedteke.

Uttale

1. Kontrollutvalet viser til konklusjon frå Deloitte, der det går fram at prosjektrekneskapane gjev eit rettvisebilete av at prosjekta er i samsvar med god kommunal rekneskapskikk.
2. Utvalet tar konklusjonen frå Deloitte til etterretning.
3. Kontrollutvalet har igjen merka seg at fleire av prosjekta har store avvik i høve opphavleg budsjett og at det difor kan vera grunn for å spørja om kalkylane, eller grunnlagsmaterialet for kalkylane, har vore gode nok.
4. Kontrollutvalet ber om at fylkesrådmannen vurderer om rutineane når det gjeld kalkulering av prosjektkostnader er gode og dekkande nok.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Roald Breistein
Utvalgssekretær

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift.

Vedlegg

- 1 Revisjonsmelding prosjektreknskaper
- 2 Oversyn over 3 prosjektrekneskaper
- 3 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01074 - Sørås tannklinikk
- 4 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01074 - Sørås tannklinikk
- 5 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02130 - Austrheim vgs - rehab. omb. forprosjekt
- 6 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 02130 - Austrheim vgs - rehab. omb. forprosjekt
- 7 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01078 - Årstad tannklinikk - utviding
- 8 Rekneskapsavslutting prosjekt nr. 01078 - Årstad tannklinikk - utviding